

ÅRSPLAN

VIGRA BARNEHAGE



2025-2026



Giske kommune

Innhold

Velkommen til Vigra barnehage	2
Verdiar.....	3
Avdelingar og organisering	4
Inkluderande praksis	6
Inkluderingssteam.....	6
Innhald og Satsingsområde	7
Språk og språkutvikling.....	8
Prosjektarbeid/Tema	9
Faste tema og tradisjonar.....	10
Foreldresamarbeid	12
NB! Huskeliste	14

Velkommen til Vigra barnehage

Vi gleder oss til nok et barnehageår fylt med nye erfaringar for store og små. Vigra barnehage er ein kommunal barnehage som er eigd og driven av Giske kommune. I år har vi totalt 56 barn i barnehagen fordelt på 3 avdelingar- Rota, Kvisten og Kongla.

Barnehagelova §2 fastslår at med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for barnehagen fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Årsplanen er eit viktig arbeidsdokument for personalet og skal dokumentere personalet sine val samt grunngjevingar for val av arbeidsmetodar. I årsplanen beskriv vi også nærare det pedagogiske innhaldet, val av satsingsområde, samt litt praktisk informasjon om organiseringa. Årsplanen vert utarbeidd årleg. Som ei forlenging av årsplanen har barnehagen utarbeida ein [pedagogisk plan](#) som vert revidert kvart tredje år. Den fungerer som ei «plattform» for arbeidet og vil beskrive dei overordna arbeidsmetodane i barnehagen og korleis ein omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen.

Tilsette i Vigra barnehage har fokus på å bygge gode og trygge relasjonar til barna. Dei er opptatt av at barna skal bli sett og møtt for den dei er, dei skal bli møtt med trygge rammer og omsorg. Barna skal oppleve glede og meistring hjå oss. Når noko opplevast som vanskeleg skal dei bli møtt med tolmod og forståing. Vi har fokus på at tilsette skal vere med på leiken, legge til rette for meistring og sette grenser på ein varm og tydeleg måte. Vi har eit mål om at både store og små skal gå heim men ein kjensle av at **«i dag var det bra eg kom»**.



Verdiar

Verdigrunnlaget i barnehagen skal formidlast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet. Som ein kommunal barnehage skal verdigrunnlaget for tilsette i Giske kommune også reflekterast i arbeidet i barnehagen. Arbeidet skal vere prega av verdiane **Respekt, Kvalitet, Engasjement og Løysingsvilje**.

Respekt ved at tilsette er imøtekomande, pålitelege og involverande.

Møtet med barn og foreldre skal vere prega av **kvalitet** gjennom klar kommunikasjon, kompetanse, læring og utvikling.

Vi skal vise **engasjement** gjennom meningsfylte oppgåver for barn og personale.

Engasjement gjennom trivsel blant barn, tilsette og foreldre og gjennom arbeidsglede som er synleg.

Dei tilsette skal vise **løysingsvilje** ved heilskapleg tenking, handlekraft i alle situasjonar og kreativitet i arbeidet.

I tillegg til dei kommunale verdiane jobbar barnehagen for at grunnleggjande verdiar som nestekjærleik, mangfald og likeverd skal kome til uttrykk gjennom kvardagsaktivitetar, gjennom tema arbeid og gjennom møter mellom store og små. Korleis barnehagen jobbar med verdiar i kvardagen kan en lese meir om her; [Verdidokument for Vigra barnehage](#)



Avdelingar og organisering

Barnehagen har 3 avdelingar og namna på avdelingane er inspirert av den flotte naturen vi har rundt oss. Småbarnsavdelinga vår fekk derfor namnet **Rota**. Akkurat som eit tre startar med ei rot, startar barnas utvikling her. Med god omsorg, tryggleik, meistring og gode vilkår for vekst. Når rota har fått gode forutsetningar, veks det fram ei sterk og trygg stamme. På denne stammen veks fine kvister og kongler. Nettopp derfor har våre to storbarnsavdelingar fått namna: **Kvisten og Kongla**.

Ingen rot, kongle eller kvist er like, og derfor skal kvart enkelt barn bli møtt der dei er, med respekt for deira forutsetningar og behov. På den måten vil dei få moglegheit til å blomstre og bli rusta til å møte nye utfordringar.

ROTA	KVISTEN	KONGLA
14 Barn fødd 2023 og 2024	21 barn fødd 2020,2021 og 2022	21 barn fødd 2020,2021 og 2022
Pedagogisk leiar: Elisabeth Istad	Pedagogisk leiar: Maria Skjong Valderhaug og Camilla Skjong Valderhaug	Pedagogisk leiar: Lina Ulla og Eirin Eikås Larsen
Fagarbeidarar og assistentar: Gunn Marit Iversen Aleksandra Dyb Monica Roald Inger Valderhaug	Fagarbeidarar og assistentar: Janne Slyngstad Tove Gjendem Randi Sæther	Fagarbeidarar og assistentar: Cecilie Bakke Dyb Zofia McBain Linda Haahjem
TLF: 974 98 620	TLF: 975 04 340	TLF:975 05 570
Fast vikarar på huset: Martine Valderhaug, Janne Karin Slåttedalen og Andrea Valderhaug Røssevold.		
Spesialpedagog på huset: Heidi Kathrin Sandøy		
Einingsleiar/styrer: Sonja Roaldsand Skodje		
Tlf. 417 02 315		

Vi har eit stort fokus på at barna skal bygge gode og trygge relasjonar, både på avdelinga og på tvers av avdelingane. Dette gjer vi mellom anna ved å legge til rette for lek og aktivitetar i fellesskap, i mindre grupper på avdelinga og på tvers av Kvisten og Kongla. Ved å dele gruppe inni mindre grupper i løpet av veka kan ein skape meir ro i leiken og tilsette kjem tettare på barna.

Kvisten og Kongla samarbeider om aldersdelte grupper, etter jul deltek også dei eldste barna på Rot. Gruppene har fått namn etter fulgar som ein ofte ser rundt barnehagen. Dei yngste på Kvisten og Rota er Spurver, 4 åringane Trostar, medan førskulegruppa

heiter nå Ørn. Gjennom å dele Kvisten og Kongla inn i aldersdelte grupper håper vi å kunne legge til rette for mellom anna 3 åringen sine behov for å prøve og feile, 4 åringen sine nye erfaringar og kjensler, samt 5 åringen sin nysgjerrigheit. Ein ser også at det å ta med dei eldste frå Rota etter jul, gjer at overgangen frå Rota til Kvisten og Kongla ofte blir litt enklare. Organisering og innhald på gruppedeling kjem på vekeplan for avdelingane.

Barnehagen er open frå 7.00-16.30. Den er stengt romjul, påskeveka og 3 veker om sommaren. I tillegg har barnehagen 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Nærmare informasjon om dette finn ein i [barnehageruta på heimsida til Giske kommune](#).

Kjernetida i barnehagen er frå kl. 09.00-14.00, dette er tida der ein legg til rette for faste og planlagde aktivitetar som samling, gym, uteaktivitet, språkgrupper m.m. Vi oppfordrar dykk til å gje beskjed dersom barna blir levert etter 9.00.

DAGSRYTME	
KL: 07.00	Barnehagen opnar
KL: 7.30 - 8.30	Frukost og frileik – dersom barnet skal ete frukost i barnehagen må dei vere på plass innan kl. 8.15. Vi avsluttar frukosten kl. 8.30
KL: 8.30 -9.00	Frileik inne på avdelingane
KL: 9.00-10.45	Samling, gruppedeling, felles aktivitet og/eller tur
KL:11.00 -12.00	Formiddagsmat
KL: 12.00-14.00	Leik ute/Tur
KL: 14.00-14.30	Mellommåltid
KL: 14.30-16.30	Kvilestund, leik eller felles aktivitet inne på avdelingane eller ute; Avdelingane samarbeider frå rund kl. 15.30 – 16.00 ved behov.
KL: 16.30	Barnehagen stenger

Målet vårt er å skape ein barnehagedag som er fylt av leik, undring, glede, humor og læring. Vi prøver å skape forutsigbare dagar for barna gjennom ei dagsrytme som går igjen gjennom veka. Dette er med på å skape tryggleik og oversikt. Dagsrytmen er rettleiande og skal danne struktur og rammer for arbeidet. Når noko utanom det «vanlege» skal skje forbereder vi barna på dette gjennom mellom anna visuell støtte-peileplansjar.

Minner om at dersom barnet dykkar kjem for seint, er sjuk eller skal ha ferie så vil vi ha beskjed om dette – dette gjer ein ved å legge inn fråvær på barnet i Transponder meldingsbok.

Inkluderande praksis

Vigra barnehage har eit stort fokus på å skape ein inkluderande barnehage. Vi jobbar for å tilpasse leike og læringsmiljøet til mangfaldet i gruppe og for å gje alle moglegheit til å delta på deira premisser. Dette gjer vi mellom anna ved å:

- Legge til rette for struktur og gode rutinar på dagen for alle
- Bruker visuell støtte i form av nøkkelknippe og peikeplansjar for å gje oversikt og som støtte i kommunikasjon
- Gode og oversiktlege dagtavler på avdelingane
- Gjennomfører inkluderingsteam i barnehagen
- Legge til rette for utvikling av vennskap og felles opplevingar – arbeid i smågrupper, aldersdeltegrupper og på avdelinga
- Invitere barna med i arbeidet for å utforme normer «slik vil vi ha det» på avdelingane
- Legge til rett for god planlagde aktivitetar, der ein tek omsyn til alder og modning, bruk av visuell støtte m.m.
- Ha fokus på inkludering på ulike møter internt i barnehagen.



Inkluderingsteam

Som eit ledd i å sikre og forbetre barnehagen sin inkluderande praksis gjennomfører barnehagen inkluderingsteam ca. kvar 8. veke. Dette teamet består av styrar, pedagogiske leiar, spesialpedagog knytt til barnehagen, helsesjukepleiar, PPT og barnevern. Dersom det er behov kan ein kalle inn andre instansar, skulen og liknande.

Tema for møta kan omhandle både utfordringar i det pedagogiske miljøet i barnehagen og enkeltbarn med behov for særleg oppfølging. Inkluderingsteam skal ha hovudfokus

på pedagogiske problemstillinger og systemet rundt barna, slik at flest mogleg barn får eit barnehagetilbod tilpassa sine behov og føresetnader.

Dersom teamet jobbar med individretta sakar er dette alltid i samarbeid med føresette.

Målet er at flest mogleg barn skal få eit godt tilpassa allmennpedagogisk tilbod. Teamet skal medverke til å styrke pedagogisk kompetanse hos dei tilsette, ta initiativ til førebyggjande arbeid og drive rettleiing.

Innhald og Satsingsområde

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Rammeplan for barnehagen sette føringar for formålet og innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik og omsorg samt fremme danning, læring, vennskap m.m. Korleis barnehagen jobbar for dette kan ein lese meir om i pedagogisk plattform. Barnehagen skal legge til rette for eit stimulerande miljø som støttar opp om barna sin lyst til å leike, lære utforske og meistre. Barnehagen skal jobbe innafor ulike fagområde som skal sikre at barna får varierte erfaringar. Dette gjer vi mellom anna ved å jobbe tverrfagleg og varierte gjennom felles prosjekt og gjennom kvardagsaktivitetar. Fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen og skal bidra til å fremme trivsel og allsidig utvikling.

Fagområda til barnehagen:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, bevegelse, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Språk og språkutvikling

Barnehagen held fram med arbeidet knytt til språk og språkvanskar. Dette prosjektet blei starta opp i 2024 og vil vare ut barnehageåret. Rammeplan for barnehage påpeiker at barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider av barnet si utvikling. Barnehagen skal jobbe systematisk for å sikre tidleg innsats i språkutvikling og auke kompetansen blant tilsette. Dette skal vi gjere mellom anna ved å:

- Skape eit utviklande språkmiljø i barnehagen med fokus på visuell støtte i form av nøkkelknippe og peikeplansjer
- Jobbe med inter kompetanseheving på personalmøter og avdelingsmøter
- Skape leseglede blant barn og tilsette
- Ha tilgang til god barnelitteratur
- Bokkino
- Ha utlån av bibliotekbøker i barnehagen
- Bruk av månadens song og rim og regle
- Barnehagekor
- Språkgrupper på alle avdelingane i løpet av veka



*Treet symbolisere barnets språkutvikling - barnehagen må vi jobbe for at barna få ei solid stamme med eit best mogleg utvikla omgreps apparat, ei stamme som er stødig og kan bere solide greiner og blader.
(Gjertviksten & Gärtner, 2020).*

Dersom ein vil lese meir om korleis barnhagen jobbar med språk kan en lese [Språkplan for Giske kommunale barnehagar](#)

Prosjektarbeid/Tema

Som ei forlenging av satsingsområde vil barnehagen i år jobbe med ulike prosjekt saman med barnegruppene. Gjennom prosjektarbeid sikrar vi at barnehagen jobbar tverrfagleg med dei ulike fagområda og vi sikrar progresjon frå småbarn til storbarn. Gjennom prosjektarbeid kjem vi til å legge til rette for felles oppleving, samt arbeid i mindregrupper.

Prosjektarbeid	
Når	Innhald
August-september:	Bli kjent: Vi bruker august og september til å bli kjent med kvarandre, den nye avdelinga, og nye rutinar - Sette felles regler for avdelinga - Bli betrekjent med kvarandre ved at barna både lagar sjølvportrett og familiebilde
September-Februar	Gruffalo Gjennom boka Gruffalo og Lille Gruffalo vil barnehagen: - Skape leseglede - Legge til rette for undring blant store og små - Skape felles opplevingar på avdelinga men også på tvers av avdelingane - Skape eit miljø som støttar opp om leiken, lysten til å utforske og lære. Alle avdelingane vil jobbe med innhaldet i boka gjennom samling, språkgrupper, forming, felles opplevingar og turopplevingar. Ein kan lese meir om innhaldet og det som skal skje i vekeplan
Mars – juni	Supermarken Gjennom boka vil barnehagen: - Skape leseglede - Legge til rette for undring blant store og små - Skape felles opplevingar i avdelinga men også på tvers av avdelingane - Skape eit miljø som støttar opp om leiken, lyste til å utforske og lære. - Jobbe med berekraft og miljø Alle avdelingane vil jobbe med innhaldet i boka gjennom samling, språkgrupper, forming, felles opplevingar og turopplevingar. Ein kan lese meir om innhaldet og det som skal skje i vekeplan

Faste tema og tradisjonar

For å skape fellesskap og samhald på tvers av avdelingane har vi i barnehagen ein del tradisjonar og aktivitetar som vi har saman. Mellom anna har vi:

Haustattakkefest:

Vi ber foreldre og søsken på middag i barnehagen ved hentetid. Barna deltek i forarbeidet og lager både suppe og eplekake til dei som kjem på middag.

Jul:

Bli kjent med julebodskapet, juletradisjonar og julesongar. I løpet av adventstida vil vi ha felles adventsstunder for heile barnehagen, avdelingane har julekalender med ulike aktivitetar. Det blir laga julegåver, baka og arrangert juleverkstad. Førskulegruppa skal på kyrkjevandring og Lucia feiring. SU og nokon tilsette i barnehagen samarbeider om å arrangere julefest for barn og foreldre.

Påske:

Vi formidlar påskebodskapen, har fokus på tradisjonar knytt opp mot påske og besøk av påskeharen. Barnehage brukar å ruge frem kyllingar og barna følger med på prosessen frå egg til kylling. Siste dag før påskeferie invitere barnehagen til påskefrukost til foreldre og søsken. Vi prøver å få til ei fellessamling for barnehagen med fokus på kvifor vi feirar påske.



Det er mogleg å reservere seg frå besøk i kyrkja for dei som ynskjer det. Dei barna dette eventuelt gjeld vil ta del i det som skjer i barnehagen medan dei andre er i kyrkja.

Karneval:

Siste dag før vinterferien arrangerer vi karneval i barnehagen. Det blir mellom anna laga til disko, arrangert felles samling med ulike aktivitetar, song og dans. Kanskje vi til og med får besøk av ein klovn eller ein forskar som kan vise oss ulike eksperiment.

17 mai-feiring:

Barna lærer om kvifor vi feirar 17 mai, dei lærer om flagget og vi tek inn 17 mai songar i koret. Vi øver oss på å gå i 17. mai-tog ved å ta ei runde rundt i lokalmiljøet med heile barnehagen. Barnehagen har eiga fane i 17. mai-toget. Foreldrerepresentantar frå SU har ansvar for denne.

**Sommar OL i barnehagen:**

Fokus på glede og fellesskap gjennom fysisk aktivitet. Ulike aktivitetar på tvers av avdelingane.

Foreldresamarbeid

Vi har eit mål om å sikre eit best mogleg foreldresamarbeid mellom barnehagen og heimen. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå gjennom dialog ved bringe og hentesituasjon og gjennom foreldresamtaler. På gruppenivå gjennom felles foreldremøte, tradisjonar som julefest, påskefrukost og liknande og gjennom samarbeidsutvalet. Samarbeidet skal vere prega av tillit, respekt og god kommunikasjon.

Foreldrerådet består av alle foreldre i barnehagen, og samarbeidsutvalet er det formelle organet som skal fremje felles interesser til foreldra og samtidig bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet består av tilsette i barnehagen, foreldre og representantar frå eigar. Det er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ som skal mellom anna:

- Bidra i samarbeidet om barnehages innhald, til dømes årsplan og handlingsplanar
- Sikre at foreldre har ei reell påverknad i barnehagen
- Komme med råd og innspel til kvardagen i barnehagen
- Vere med på å arrangere dugnader eller temakveldar i barnehagen

Samarbeidsutvalet:

Foreldre: Miriam Godø og Svein Helge Dyb Furnes

Vara: Marlene Dyb Valderhaug

Personalet: Maria Skjong Valderhaug og Inger Valderhaug

Vara: Camilla Skjong Valderhaug

Giske kommune: Randi Kleivan

Vara: Cecilie Skodje

På foreldremøte i haust blei det mellom anna jobba med forventingar. Her er det som kom fram.

Foreldre kan forvente dette av tilsette:

- Tilsette som jobbar for at alle barn og foreldre skal bli sett, føle seg trygge og ivarettatt og bli møtt med respekt
- Tilsette som jobbar for å skape ein inkluderande praksis med fokus på gode relasjonar
- Tilsette som jobbar for å skape ein god kommunikasjon mellom heim og barnehage
- Tilsette som tek imot barn og voksne med et heil eller god morgon når dei kjem
- Tilsette som fortel litt om dagens innhald og sei hade ved henting.
- Tilsette som tek opp ting ein lurar på undervegs og ikkje ventar til foreldresamtale; til dømes utfordringar, endringar og liknande
- Tilsette brukar Transponder meldingsbok til å sende beskjeder, legge ut vekeplan og informere om andre ting som skal skje i barnehagen.
- Tilsette som samarbeider med foreldre om grensesetting og evt. utfordringar som oppstår

Barnehagen forventar dette av foreldre:

- At foreldre medverkar til eit godt samarbeid og ein trygg diskusjonsarena
- At foreldre er gode rollemodellar og helsar på barn og vaksne ved levering og henting
- At foreldre møter opp på foreldremøte, foreldresamtaler og andre arrangement
- At foreldre tar ansvar for at barna har riktige, nok og funksjonelle klede i forhold til vær og årstid og at det er reint og tørt
- At foreldre respekterer opningstider og fylgjer opp utarbeide regler og rutinar
- At foreldre les informasjon som blir sendt ut og bruker Transponder meldingsbok til å gjer beskjeder og melde fråvær
- At foreldre tek kontakt med personalet/styrer/SU dersom det er noko dei vil ta opp med oss

NB! Huskeliste

- ⇒ Kle barnet enkelt og praktisk til leik og aktivitet.
- ⇒ Pass på at barnet har nok skiftetøy i barnehagen, sjekk dette med jamne mellomrom.
- ⇒ Regntøy, utedress og støvlar må vere tilgjengeleg kvar dag – sjekk også om det passer til barnet (dei veks fort).
- ⇒ Klede skal merkast med namn.
- ⇒ Barna skal ikkje ha med eigne leike i barnehagen, utanom det er avtalt med personalet.
- ⇒ Gi beskjed innan kl. 9.00 om barnet ikkje kjem i barnehagen, eller kjem seinare.
- ⇒ Dersom barnet ikkje er friskt nok til å vere ute, og delta i leik og aktivitet, må det vere heime.
- ⇒ Når ein parkere i barnehagen vil vi at foreldre skal rygge inn på parkeringsplassen og skru av motoren.
- ⇒ Ved henting er det ikkje tillat for barn å gå ut porten aleine utan følgje av ein vaksen.
- ⇒ Den som leverer/hentar barnet, må ikkje gå før ein har vore i kontakt med ein av personalet.
- ⇒ Barnehagen stenger kl. 16.30 da skal alle barn vere henta